



Stranda
kommune



Stranda kommune med bygdene Stranda (kommunesenter), Hellesylt, Geiranger og Liabygda ligg på indre Sunnmøre, ca. 1 times reisetid frå Ålesund. Stranda kommune har 368 faste tilsette fordelt på 282 årsverk. Dyktige leiarar og tilsette arbeider kvar dag med mål om å levere gode og forsvarlege tenester til våre brukarar. Kommunen er organisert etter prinsippet om flat struktur (2-nivå-modell) med 18 driftseiningar og stab/ støttefunksjon direkte underlagt rådmannen. Kommunen har ca. 4.600 innbyggjarar, eit variert næringsliv med høg sysselsetting, godt utbygd barnehage- og skuletilbod, eit aktivt idretts- og foreningsliv og gode vilkår for friluftsliv sommar og vinter. Det er gode buss-samband med Ålesund, Bergen, Oslo og Trondheim, fly frå Ålesund lufthamn Vigra og tog frå Åndalsnes. Stranda er ein attraksjon i seg sjølv. Unik natur med snødekte fjelltoppar, skummande fossar og elvar, grøderike dalar og krystallblå fjordar.

Rådmann

Som rådmann i **Stranda kommune** vil du ha stor påverknad- og utviklingsmulegheiter, og ei sentral rolle i vidareutvikling av kommunen sin organisasjon, lokalsamfunnet og tenestetilbodet til befolkning og næringsliv.

Kommunen søkjer ein toppleiar med høgare utdanning, brei leiarerfaring og god kjennskap til kommunal verksemd. Vi ønskjer ein inkluderande og tydeleg leiar som kan samle organisasjonen om felles mål og utfordringar, og sjå nye mulegheiter.

Ditt oppdrag som vår nye rådmann vil vere:

- Framleis tett resultatoppfølging og økonomistyring for å skape økonomisk handlingsrom
- Vidareutvikle kommunen sitt leiarteam som strategisk leiding med heilskapleg styring, godt samspel og felles ansvar
- Leverer brukarretta, gode og effektive tenester til kommunen sine innbyggjarar gjennom heilskapleg tenking og tverrfagleg samarbeid
- Samle og styre ein organisasjon som er på rett veg, men som framleis har nokre utfordringar
- Gjennomføre innovasjon- og endringsprosessar for å tilpasse drift og tenestenivå til vedtekne rammer
- Vidareutvikle ein tydeleg organisasjonsstruktur og klare roller for auka tverrfagleg samarbeid
- Bidra til god dialog og godt samspel mellom politiske organ, administrativ leiding og tilsette
- Vidareutvikle kommunen sin arbeidsgjevarstrategi med vekt på langsiktig rekruttering og kompetansebygging

Kommunen ser etter ein rådmann som:

- er ein inkluderande og samlande leiar med evne til å motivere og inspirere
- er løysningsorientert og ser nye mulegheiter
- er tydeleg og handlekraftig med evne til gjennomføring
- har gode kommunikasjonsferdigheter og bygg relasjonar
- meistrar dialog og samspel mellom politikk og administrasjon
- har kompetanse innan organisasjon, økonomi og endringsleing
- har solid og relevant høgare utdanning eller tilsvarande realkompetanse i kombinasjon med brei og allsidig leiarerfaring frå offentleg og/eller privat næringsliv

Lokkar dette deg? Ta gjerne kontakt med kommunen sin rådgjevar Ivar Aslaksrud frå UtviklingsPartner AS, tlf. 930 30 194, eller ordførar Jan Ove Tryggestad tlf. 464 11 001.

Spørsmål om stillinga vert behandla konfidensielt, om ønskeleg også opp mot vår oppdragsgivar fram til søknadsfrist. Lønn, tilsettingsform og andre vilkår etter avtale. Det vil bli utarbeidd eigen leiaravtale. Vil du vite meir – besøk vår heimeside www.stranda.kommune.no. Her finn du brei informasjon om kommunen sin organisasjon, det kommunale styringssystem og tenestetilbodet til innbyggjarane. Du kan også lese om prioriterte satsingsområder for kommunen samt budsjett, strategiar og planar for framtidig utvikling.

Kortfatta søknad vedlagt CV merka «**Rådmann Stranda**» vert å sende som e-post til utviklingspartner@upk.no snarast og seinast innan **31. august 2015**. Vitnemål og referansar skal takast med til intervju. Vi gjer merksam på at det blir utarbeidd offentleg søkjarliste etter at søknadsfristen er gått ut. Søkjarar som likevel ønskjer at søknaden blir behandla konfidensielt, må opplyse om dette med grunngjeving i søknaden. I tilfelle vi ikkje finn tilstrekkeleg grunngjeving for å bli unntatt offentlegheit, vil vi ta kontakt, slik at ein kan velje mellom å trekke søknaden sin eller stå fram med namn.



UTVIKLINGS-
PARTNER

www.upk.no

- Kunde- og samfunnsnytte
- Resultatforbedring
- Omstilling